



Ovidia Jaastad f. Helvik(101) voks opp i Skreo på Døssland.

I går la vi ut eit svært kjekt intervju som Kristian Hus nyleg gjorde med den snart 102 år gamle Ovidia Jaastad som flytta frå Uskedalen til Hardanger på 1930-talet. Intervjuet finn de på www.skimtvvis.net. Eg har fått spørsmål frå nokre uskedelinger, om kor i bygda ho kjem frå då dei har problem med å plassera dama som flytta frå bygda for meir enn 80 år sidan.

Ovidia f.Helvik vart fødd på Opsanger 16.august 2015. Faren heitte Andreas Severin Olsen Helvik, medan mora var frå Musland og hadde jentenamnet Alis Johannesdtr Musland. Etter at Ovidia var fødd, flytta dei til Musland, og dei budde der til dei kjøpte Skreo, der Tor Jarle og Anne Jorunn Kjærland bur i dag. Her voks Ovidia opp saman med to søsken Johannes og Agnes Helvik. Agnes vart gift med Mons Raudstein.

Johannes Helvik var far til Eva som no bur i Drammen, og bestefar til Anne Lise og Sigrid Øyrehagen. Agnes og Mons Raudstein var foreldra til Harald Raudstein som døydde i fjor. Mange hugsar nok Agnes som altså var søster til Ovidia. Ho var ei av dei to første damene i bygda som tok sertifikat og køyrde bil. I alle fall i godt vaksen alder. Margretha Dønhaug var den andre. Dei to hadde også det til felles at ektemennene deira ikkje køyrde bil. Dei var sidemenn. Dette var heller sjeldsynt i dei tider då det ikkje var snakk om likestilling.

Ovidia var barndomsvenninne med Klara Døssland som voks opp på Feet, og som rundar 100 år i haust. Dei held framleis kontakten, og det er mykje truleg at Klara vert med på ein tur til Utneheimen og besøk hos Ovidia i sommar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kristian Hus